

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019
Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, SV, KrF og V fram slikt forslag:

«Tillegg

Verbalpunkt:

	Utval	Tekst
	Generelt	
1	Nytt framlegg	Fylkeskommunen vil legge til rette for rekruttering av menneske med nedsett funksjonsevne og «hol» i CV.
2	Nytt framlegg	Vestland Fylkeskommune skal som hovudregel berre lyse ut heile og faste stillingar.
3	Nytt framlegg	Overnattingar i samband med møte i fylkestinget skal vere på hotell der dei tilsette har tariffavtale.
4	Nytt framlegg	Vestland Fylkeskommune skal stille seriøsitetskrav ved alle offentlege anbud, mellom anna krav om lærlingar, faste tilsette og faglært arbeidskraft.
5	Nytt framlegg	Vestland fylkeskommune skal nytte trevirke så langt det er teknisk mogleg i sine byggeprosjekt.
	Kultur, idrett og integrering (KULII)	
6	Frå FU si tilråding	Kystpilegrimsleia: Løyvinga på 600.000 vert fordelt likt på dei regionale pilegrimssentera i Bergen og Selje/Stad, under føresetnad av lokale finansieringsbidrag på minimum same beløp frå dei to kommunane i 2020.
7	Frå FU si tilråding	Bokbåten: Møre og Romsdal fylkeskommune har sagt opp avtalen med Bokbåten. Samarbeidspartia er einig om at ein ønskjer å vidareføre bokbåten for 2020, og ber om ei sak der pris og formalitetar blir klargjort. Løyvinga for Bokbåten ligg til bibliotektenesta, og blir ikkje omdisponert til anna bruk før denne saka er behandla.
8	Nytt framlegg	Vidaregåande skular og idrettsfasilitetar i Vestland fylke bør vere gratis for frivilligheita knytt til born og unge. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om kostnad og reglement for utleige av fylkeskommunale bygg og anlegg.
	Næring, naturressursar og innovasjon (NNI)	
9	Frå FU si tilråding	Kommunale næringsfond: Løyvinga skal gå til dei kommunane i SF som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.
	Opplæring og kommunikasjon	
10	Frå FU si tilråding	Vaksine: Fylkestinget set av midlar til vaksinar til alle elevar i Vestland, med føresetnad om at kommunane dekkjer halve kostnaden.
11	Frå FU si tilråding	Rubbestadneset: Vi konstaterer at utviklinga av pilotprosjektet på Bømlo/Rubbestadneset vert gjennomført som planlagt. Ber om ei sak som viser korleis vidareutvikling av samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet kan gjerast.

12	Frå FU si tilråding	Langhaugen: <i>Spørsmål om rehabilitering og en eventuell utviding av musikktilbodet på Langhaugen vgs skal være en del av den planlagde gjennomgangen av investeringsbudsjettet første halvdel av 2020.</i>
13	Frå FU si tilråding	Skolefrukost: Gjeld heile Vestland, med implementering i Sogn og Fjordane frå nytt skuleår.
14	Frå FU si tilråding	Skulepsykologar: Fylkestinget føreset at psykologane skal vere eit lågterskeltilbod til elevane og gje behandling. Rådmannen kjem attende til fylkestinget med ei sak om korleis tilbodet kan vidareutviklast i tråd med føringane i dette budsjettet og i samarbeid med dei kommunale helsetenestene.
15	Frå FU si tilråding	Elev-pc – egedel vert sett til kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland.
16	Frå FU si tilråding	Prosentvis ramme nedtrekk SFFK vert fjerna. Fylkestinget vi kome attende til harmonisering mellom dei ulike skulane i fylket i budsjett 2021, forutsett at arbeidet med Mål- og Strategiplanen er ferdig og kan leggest til grunn.
17	Frå FU si tilråding	IB-tilbodet i Bergen og ved UWC i Fjaler skal vidareførast som ei permanent ordning.
18	Nytt framlegg	Elevane sitt skulemiljø og trivsel er ein avgjerande faktor for om elevane gjennomfører opplæringa. Ressursar knytt til skulane sitt psykososiale miljø, mellom anna miljøkoordinator og andre førebyggjande tiltak, har vore viktige i arbeidet med elevane sitt skulemiljø. Fylkestinget føreset at ordningane med miljøkoordinatorane på skulane i Sogn og Fjordane og liknande tiltak på skulane i Hordaland vert vidareført. Fylkestinget vil i løpet av perioden be om ei felles løysing for skulane i Vestland, og vil sjå dette i samanheng med andre elevretta tiltak på skulemiljø, tiltak for hybelbuarar og skulepsykologordninga.
19	Nytt framlegg	Nye vidaregåande skular skal følge open skule-prinsippet, slik som t.d. ved Amalie Skram VGS. Elevar skal kunne nytte skulane etter skuletid ved bruk av adgangskort e.l. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide sak om korleis dette kan gjennomførast på alle dei vidaregåande skulane.
20	Nytt framlegg	Skulen skal vere ein stad kor elevane får lære om demokrati og medraderett. Difor bør ungdomsorganisasjonar som politiske ungdomsparti, politiske interesseorganisasjonar, eller andre organisasjonar som utgangspunkt ha rett til å stå på stands og liknande på dei vidaregåande skulane i Vestland. Fylkestinget ber fylkesdirektøren utarbeide felles retningsliner for dei vidaregåande skulane knytt til ungdomsorganisasjonar som ynskjer å besøke skulane.
21	Nytt framlegg	Det skal arbeidast for eit tettare samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunane etter modell frå mellom anna Årdal og Bømlo.
22	Nytt framlegg	Produksjonsskule er eit viktig tilbod for å få ungdommar som av ulike grunnar har slutta i vidaregåande opplæring tilbake i framtidsbyggjande aktivitet. Vestland fylkeskommune har to produksjonsskular. Desse må verte betre kjent slik at dei vert eit reelt alternativ for ungdommar i heile Vestland. Fylkeskommunen skal jobbe opp mot sentrale myndigheiter for å sikre varig statleg medfinansiering.
Samferdsle og mobilitet (SAMMO)		
23	Frå FU si tilråding	Austevoll: ber om ei sak som drøftar korleis prisane på hurtigbåtsambanda i Vestland kan harmoniserast.

24	Frå FU si tilråding – endra tekst i raudt.	Fylkestinget føreset at midlane frå bompengeforliket og den framforhandla byvekstavtalen skal gje ei monaleg reduksjon i prisane på kollektivtrafikken i Bergen, og at vi får ei frekvens på Bybanen på 4 minutt i rush. Vidare føreset fylkestinget at Bybanen får fleire avgangar som er tilpassa dei første og siste flygingane til og frå Flesland, og fleire bussavgangar i Bergensområdet. Fylkesrådmannen vert bedt om å legge fram ei sak når avtalen er klare.
25	Frå FU si tilråding	Jondal-Tørvikbygd. Fylkestinget ber om ei sak som utgreier kostnader m.v. knytt til ekstra avgangar sommarstid. Eventuell finansiering vert å kome attende til i samband med 1. tertialrapport.
26	Frå FU si tilråding	Frå 2019 blei det det gjort endringar i familierabatt "Ein vaksen reisande kan ta med seg inntil fire barn frå 6 til og med 17 år gratis på laurdagar, søndagar og offentlege fridagar.» Intensjonen i endringane var at dette også skulle gjelde reisande med student og honnørbillett/periodekort. Vi ber Skyss innføre familiebillet lik dagens, også for student og honnør.
27	Frå FU si tilråding	I budsjettdokument 8/19 går det fram at det har vore ei auke i flyreiser og at ein forventar at desse vil auke i åra framover. I 2020 vil flyreise utgjere brorparten av klimagassutsleppa frå eiga verksemd. Fleirtalet vil redusere talet på flyreiser og vil be om at det vert ført oversikt over talet på flyreiser på ein slik måte at ein kan følgje med på om det i 2020 er ein reell nedgang i flyreiser. Ein del av flyreisene vil kunne erstattast med videokonferansar og slik representere ei innsparing på budsjettet.
28	Frå FU si tilråding	Fleirtalspartia vil oppretthalde servicelinja i Bergen, og har lagt inn igjen 1,2 mill til å vidareføre denne i 2020. Fleirtalspartia er likevel samde om at potensialet for servicelinja ikkje fullt ut er nytta og vil at ein i 2020 inviterer Bergen kommune til ein idedugnad/workshop med mål om å komme fram til eit betre tilbod for dei som i dag nyttar servicelinja. Ein kan sjå for seg at servicelinja i Bergen sentrum vert vidareført som eit breiare tilbod retta mot fleire reisande. Det er i dag eit relativt dårleg busstilbod i sentrumskjernen i Bergen, spesielt i område Nordnes og Høyden. Eit forslag er å gjere servicelinja om til ein ringbuss slik at ein kan nå fleire ordinære busspassasjerar og slik få fleire reisande. Ein slik ringbuss kan også sjå til konseptet «travel like the locals», der ein med det ordinære offentlege busstilbodet rettar seg mot turistar. Dagens servicelinje i Bergen sentrum går i dag forbi ei rekke sentrale og attraktive turistmål. «Travel like the locals» har vist seg å vere ein suksess i det nye berekraftige reiselivet, og det å tilby det offentlege busstilbodet til turistar i Bergen kan vere ein vinn-vinn situasjon. Ein opprettheld servicelinja, ein får fleire reisande, fleire inntekter og betre busstilbod i sentrumskjerna. For servicelinja i bydelane i Bergen bør ein sjå til konseptet «Hent meg» som kjem frå Sauda, og som vert prøvd ut i Odda.
29	Frå FU si tilråding	<p><u>TT-brukarar, arbeidsreiser.</u></p> <p>Forskrift for TT-ordninga for Vestland fylke blir samordna / endra slik at arbeidsreiser ikkje vert utelukka. Jfr. informasjon om TT-ordninga på helsenorge.no og sfj.no sine sider:</p> <p><i>TT-ordninga er i utgangspunktet eit tilbod om fritidsreiser, men kan nyttast til alle typar reiser med unntak av:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>reiser som blir betalt av trygdekontor. Eigendel ved slike reiser skal transportbrukar betale sjølv på lik line med andre som reiser for trygda si rekning</i> • <i>reiser til og frå skule</i> • <i>andre reiser betalt av det offentlege</i> <p>Det vert gjort ein gjennomgang av bruken av TT-kort for arbeidsreiser, der dei som er heilt avhengige av ordninga for å kome på arbeid, får halde fram med å bruke ho.</p> <p>Kostnaden blir dekkja innanfor det statlege tilskotet til ordninga.</p>

30	Frå FU si tilråding	Det skal utgreiast moglegheiter og innsparingspotensiale i å innføre bestillingsruter for ruter med lite belegg.
31	Frå FU si tilråding	Dersom løyvinga til nye stillingar som følgje av oppgåveoverføring frå SVV ikkje vert nytta fullt ut grunna manglande årsverknad skal eventuelle frigjorte midlar disponerast politisk.
32	Nytt framlegg	Tryggleik for at kollektivreisa heng saman med gode korrespondansar, er svært viktig for at ein skal velje å reise kollektivt. Særleg over lengre avstandar. Fylkestinget ber derfor om ein gjennomgang på <ul style="list-style-type: none"> - kvar det er korrespondanse - kvar det med enkle midlar er mogeleg å få til korrespondanse <p>Skyss/Kringom må snarast sikre at alle korrespondansar blir merkte på dei kanalane der dei reisande planlegg reiserute og kjøper billetter.</p>
33	Nytt framlegg	I NTP ligg det inne viktige fiskerihamner i både Bremanger og på Bømlo. For økonomiplanen 2021 og framover vil fylkestinget derfor sette av midlar til investering til fiskerihamner.
34	Nytt framlegg	God tilgang til høghastighets-breiband og 100% mobildekking er påkravd infrastruktur for busetnad og næringsliv. Fylkestinget ber om ei sak med oversikt over kva stader som ikkje har fått god breibands- og mobildekking, og ein plan for korleis vi kan få det til.
35	Nytt framlegg	Fylkestinget syner til vedtak i Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber om å få utgreidd flytting av snøggåttstogg frå Krakhella til Hardbakke i Solund. Vidare ber ein om å få vurdert moglegheitene for ny snøggåttstogg på Fitjar.
36	Nytt framlegg	Ved utvikling av kollektivsatsinga skal det takast høgde for å innlemme bysykkelordninga i reiseprodukt til Vestland fylkeskommune.
37	Nytt framlegg	Fylkestinget ber om ei opptrapping av utskifting av fossile VLFK køyretøy til nullutsleppskøyretøy slik at fylkeskommunen oppnår målet om 5,6% klimagassreduksjon for VLFK køyretøy kvart år i staden for kvart tredje år.
	Tannhelse	
38	Nytt framlegg	Fylkestinget ber om ei sak der tannbehandling for prioriterte grupper med lang reiseveg til næraste offentlege tannklinikk vert vurdert.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativt budsjettframlegg

Driftsbudsjett

Tiltak

Opplæring og kompetanse

Prosentvis nedtrekk ramme skoler	5600000
Prosentvis nedtrekk ramme tilpasset opplæring	800000
Informasjonsarbeid om vaksiner	500000
Tilbud toppidrettsutøvere	1000000
Fagskole utdanning	1500000

Miljøkoordinatorer/arbeidslivkoordinatorer	1000000
Sommerskole	300000
VilVite	500000
Etter- og videreutdanning av lærere	5000000
Pitstop	2000000

Samferdsel og mobilitet

Veivedlikehold	45000000
Arbeidsreiser TT brukere	4000000
Servicelinjen i Bergen	1200000
Studentkort til alle fulltidsstudenter	1500000
Tilskudd til ladestasjoner langs fylkesvei	2400000
Nordhordlandsbåten	2000000

Kultur, idrett og integrering

Fyllingsdalen teater	200000
Det vestnorske teater	1000000
Det Akademiske Kvarter	200000
Bergen bymuseum	500000
Dagsturhytter Hordaland	2000000
Stifting av den norske bokbyen	250000
Jacob Sande-Senteret	200000
KODE	500000

Innovasjon og næringsutvikling

Plastrydding/miljøtiltak søkbar pott	2000000
--------------------------------------	---------

SUM 90150000

Saldering

Økt skatteinngang 8000000

Opplæring og kompetanse

Skolesekker	1200000
Restmidler	2000000
Skoleskipet Gann	500000
Nedtrekk administrasjon	4000000

Samferdsel og mobilitet

Bruke MGO istedenfor biodiesel på ferge	13000000
Bybussen Førde-Florø økning takst	500000
Harmonisere ungdomskort (20 til 19)	5000000
Reklame inntekter	10000000
Øke prisen på enkelt billetter fra 39,- til 40,-	7200000

Inntekspotensialet, effektivisering av ruter	3000000
Reduksjon i administrasjon kollektivveininga	1000000
Reduksjon administrasjon i Skyss	2000000
Reduksjon tjenestekjøp samferdsel/Skyss	2000000
Økt antall kollektivreisende	5000000
Øke pris på månedskort for voksne fra 810,- til 820,- og tilsv. for andre månedskort	10000000

Kultur, idrett og integrering

Bokbåten	1500000
Utsetter oppstart: Nyskapende aktivitetsarena	500000

Innovasjon og næringsutvikling

Organisasasjon og økonomi

Reduksjon i midlar til attføring og omstilling	3000000
Produksjonsmidler til helse-, klimaarbeid	1000000
Redusert brukt av konsulenttjenester	8000000
Politisk rådgiver utgår	750000
Redusert tjenestekjøp	1000000

SUM 82150000

Verbalpunkt

- (1) **Verbal:** Produksjonsskolene blir tilgjengelige for elever i hele nye Vestland fylke.
- (2) **Verbal:** Gjennomgang av virkemidler for frafall i den videregående skolen for å sikre at vi bruker midlene på de tiltakene som har størst effekt.
- (3) **Verbal:** Vurdere reetablering av den fylkeskommunale bussruter mellom tidligere Hordaland og Sogn og Fjordane.
- (4) **Verbal:** Sikre god kommunikasjon mellom fylkeskommunen og kommuner i forbindelse med planprosesser.
- (5) **Verbal:** Legge til rette for at privatskoler kan kjøpe tjenester fra fylkeskommunen knyttet til for eksempel fagdager.
- (6) **Verbal:** Frem til neste periode bør man vurdere å kutte antall representanter i FT Vestland.
- (7) **Verbal:** Gjennomgang for å få flere til å reise kollektiv (turister, effektivisering, fleksible løsninger i distriktet, riktig avgangstider, osv)
- (8) **Verbal:** I dialog med kommunene finne innovative løsninger ihh biblioteksløsninger
- (9) **Verbal:** Utarbeiders kriterier for støtte til kulturelle formål mm.
- (10) **Verbal:** Vurdere å flytte kompetansesenter tannhelse til SF.
- (11) **Verbal:** Legge til rette for sommerskole i dagens Sogn og Fjordane.

- (12)Verbal:** Vurdere økt bruk av OPS ved bygging av videregående skoler i Vestland.
- (13)Verbal:** Legge til rette for en felles digital plattform for skolene i Vestland.
- (14)Verbal:** Utsetter nyskapende arena til 2021. Deretter må behovet for prosjektet gjennomgås.
- (15)Verbal:** I forbindelse med reduksjon av takster i Bergensregionen bør en egen sentrumstakst i Bergen vurderes
- (16)Verbal:** For å sikre at barnefamilier velger og kan velge å reise kollektivt bør det vurderes å gjeninnføre ordningen med at et barn reiser gratis i følge med voksen.»

Sigbjørn Framnes (FRP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Premissar

Fremskrittspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2020 / Økonomiplan 2020-23 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt i prosjektleiars samla budsjettdokument sendt ut til Finansutvalet sitt møte 26.11.19. Der FrP har endringsframlegg i høve prosjektleiars budsjettdokument er dette kommentert nærare under.

2. Overordna perspektiv

Vestland fylkeskommune står overfor store økonomiske utfordringar etter samanslåinga av Hordaland og Sogn & Fjordane. Hovudutfordringa skuldast auka kostnader til ferjedrift pga nye miljøkrav, men den nye fylkeskommunen kjem også noko dårlegare ut av inntektssystemet enn dei to gamle fylkeskommunane gjorde kvar for seg. Den økonomiske stoda til Vestland fylkeskommune er ytterlegare svekka av at Sogn & Fjordane fylkesting overførte milliardverdiar i Sogn og Fjordane Energi (SFE) til kommunane før samanslåinga. I sum svekkjer dette den nye fylkeskommunens evne til å levere tenester til innbyggjarane i Vestland.

Prosjektleiar har i sitt budsjettframlegg lagt opp til at fylkeskommunen må betra balansen mellom inntekter og utgifter med 100 mill kr pr år i økonomiplanperioden. Dette er ei krevjande oppgåve som krev evne og vilje til tydeleg politisk prioritering.

FrP legg til grunn at alle verkemiddel må vurderast for i sikra Vestland fylkeskommune ein sunn driftsøkonomi i framtida, men vil særleg peika på følgjande område;

- Endra arbeidsmetodikk, effektivisering, digitalisering
- Lovfesta oppgaver vs ikkje lovpålagte oppgaver
- Tenestestruktur og harmonisering av tenester
- Utnytta inntekspotensialet i den fylkeskommunale verksemda
- Vurdera kostnadsnivå og realiseringstidspunkt for investeringsprosjekt
- Konkurrans i tenesteproduksjonen
- Effektiv innkjøpsstrategi
- Sal av eigeidom og egedelar fylkekommunen ikkje nyttar i tenesteproduksjonen
- Gjennomgang av alle tilskotsordningar

Som tenesteproducent er fylkeskommunen også ei arbeidsintensiv verksemd. Å kutta 4-500 mill kr i drifta vil difor ikkje kunne skje utan reduksjon i samla årsverk i den fylkeskommunale organisasjonen. Ved samanslåing av to store organisasjonar ligg det alltid eit potensiale for å ta ut stordriftsfordelar, fjerna dobbeltarbeid, vidareføra beste praksis, implementera ny arbeidsmetodikk og nye IT-system. Dette potensialet må realiserast om ein skal lukkast i å styrkja fylkesøkonomien i valperioden.

FrP legg derfor til grunn at det bør etablerast eit solid 3-partssamarbeid mellom politikk, administrasjon og tillitsvalde for å handtera ein naudsynt nedbemanningsprosess. Erfaring frå liknande prosessar i offentleg sektor syner at ønska effekt i stor grad kan realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, stillingsbank, seniortiltak osv. FrP vil difor oppmoda prosjektleiar, i samarbeid med politisk nivå og tillitsvalde, til å etablera tydelege køyrereglar, mål og rapporteringsrutinar for ein slik prosess. Prosessen bør leiast av fylkesrådmannen, og sjå organisasjonen på tvers av sektorane.

FrP vil vidare leggja følgjande prinsipp til grunn i arbeidet med å betra den fylkeskommunale økonomien;

- I størst mogleg grad skjerma tenestetilbodet til den einskilde innbyggjar – ta kutt i administrasjon framfor den ytre tenesteproduksjonen
- Prioritere hovudoppgåvene fylkesveg, kollektiv og vidaregåande skule framfor andre oppgåver

3. Driftsbudsjett

FrP sine omprioriteringar i driftsbudsjettet kjem fram av tabellen under. Vi har i stor grad nytta prosjektleiar sine tiltakslistar, og har i sum frigjort midlar til ei heilt naudsynt satsing på fylkesvegnettet. Vi gjer også mindre endringar på dei andre sektorane. Nokre tiltak er nærare kommentert under.

Sektor	Endring (1000 kr)
Innovasjon og næringsutvikling	
Tilskudd Pit Stop - bekjempe ungt utanforskap	600
Strategisk utvikling og digitalisering	
Reduksjon i midlar til klimaarbeid	-500
Reduksjon i midlar til folkehelsearbeid	-500
Organisasjon og økonomi	
Reduksjon i midlar til attføring og omstilling	-3000
Kultur, idrett og inkludering	
Tilskot Sentralbadet scenekunsthus	-5000
Distriktsmusikarordninga (halvårseffekt)	-2000
Bokbåten opprettholdes - dekker hele Vestland	0
Fyllingsdalan Teater	300
Kulturminne - fatøyvern (istandsetting/vedlikehold)	1000
Opplæring og kompetanse	
Teknisk utstyr/maskiner yrkesfag - kan overføresinvesteringsbudsjett	10000
Psykisk helse (psykologteamet)	5000
Meningokokkvaksine til elevar i heile Vestland	4200
Hardanger produksjonsskule avvikles (halvårseffekt)	-2900
Mobilitet og kollektiv	
Reduksjon i administrasjonen, kollektiveininga	-1000
Reduksjon tenestegjerp, kollektiveininga	-2000
Harmonisering av rabattordning, student	-1000

Forseinka elektrifisering ferje (ordinær diesel MGO vs biodiesel)	-13000
Erstatte biodiesel med autodiesel, buss	-13000
Auka kontrollar	10000
Auka inntekt kollektiv, ref. auka kontrollaktivitet	-10000
Reklame kollektiv	-40000
Vidareføra arbeidsreiser VTA-tilsette, TT-brukarar	8000
Vidareføra Servicelinje Bergen	1200
Ekstra sommerferge Jondal-Tørvikbygd i 2020	8000
Infrastruktur og veg	
Vedlikehold / auka dekkeleging fylkesveg	30000
Mindre utbetringstiltak fylkesvei / trygg skuleveg	15000
Mindreforbruk i høve prosjektleiars framlegg	-600

3.1 Infrastruktur og veg

Vestland fylkeskommune har eit stort vedlikehaldsetterslep på fylkesvegnettet, inkludert tunnelar, bruer og kaiar. Dette etterslepet vil diverre auka i åra som kjem. Budsjettposten til dekkelegging på fylkesvegnettet er t.d. historisk låg i prosjektleiaren sitt framlegg med ca 80 mill kr i 2020 mot 170 mill kr i 2019 – dvs meir enn ei halvering. FrP har funne rom for ein auke på 30 mill kr til dekkelegging og vedlikehald – tilsvarande ca 45 km ekstra reasfaltering av fylkesveg. I tillegg er det satt av 15 mill kr ekstra til mindre utbetringstiltak og trygg skuleveg. Begge tiltak finansiert over driftsbudsjettet.

FrP meiner også at Vestland fylkeskommune i samband med avvikling av SAMS-vegadministrasjon frå 01.01.20 bør utarbeida ein ny strategi for fylkeskommunen som vegeigar, og fremjar difor eit eige verbalforslag på dette (sjå under). Målsettinga for dette arbeidet er å få meir veg for pengane gjennom enklare løysingar, dispensasjonar frå vegnormalane, samarbeid med kommunar og næringsliv m.m.

3.2 Kollektiv og mobilitet

På kollektivområdet avventar FrP det tillyste arbeidet med harmonisering av takstregimet i heile fylket. I dette arbeidet må ein sjå det store biletet både i høve tilbodsstruktur i Bergensområdet og i distrikta, frekvens vs pris, krav til miløteknologi osv.

I høve verknaden av bompengeforliket i regjeringa og ny Byvekstavtale for Bergensregionen vil FrP prioritere kutt i bompengar i ytre bomring i Bergen, og auka rutetilbod i kollektivsektoren framfor takstreduksjonar.

Vi fremjar også to tiltak for å auka inntektene i kollektivsektoren;

- Reklame på buss, båt og ferje – dette kan gje ekstra inntekter på fleire titalsmillionar kroner til kollektivsatsinga i fylket (sjå eige verbalfamlegg). Dette tiltaket vil ikkje gje full effekt i 2020, men vi har lagt inn 40 mill kr for å synleggjera potensialet i å utnytta dette inntekspotensialet.
- Oppretthalda eit høgt kontrollnivå mot sniking på buss og bane – auka betalingsprosent gjev betra økonomi i kollektivsektoren.

Vi opprettheld også transporttilbodet til arbeidstakarar som er tilsett i ASVO-verksemdene i ordninga med Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA-plassar), samt servicelinja for eldre og funksjonshemma i Bergen. Dette er tenestetilbod som er heilt avgjerande for livskvaliteten til desse innbyggjarane.

FrP har lagt inn 8 mill kr til ei ekstra sommarferge i sambandet Jondal – Tørvikbygd i Hardanger.

3.3 Opplæring og kompetanse

FrP vidarefører satsinga på yrkesfag, og set av 10 mill kr ekstra til nytt utsyr/maksiner i vidaregåande skule. Denne posten kan overførast til investering knytt til større maskiner/utstyr.

Psykolog temaet i vidaregåande skule i Hordaland har hatt ein krevjande start, og prosjektleiaren har fremja forslag om å avvikle dette då tilbodet er eit kommunalt ansvar. Samstundes har Sogn & Fjordane hatt ei ordning med miljøkoordinatorar (7 årsverk) i sine vidaregåande skular med gode resultat. FrP meiner vi som skuleeigar har eit klårt ansvar for psykisk helse og trivsel for våre elevar, og vil be om at ein evaluerer dei to ordningane med sikte på best mogeleg harmonisert tilbod i alle våre vidaregåande skular. I påvente av evalueringa vert budsjettposten til psykologteamet i Hordaland ført vidare.

FrP vidarefører også løyvinga til meningokokkvaksine for alle elevar i vidaregåande skule i heile Vestland, og legg til grunn at løyvinga kan reduserast i løpet av økonomiplanperioden då det etter kvart berre vil være it årskull som treng vaksinen pr år.

FrP har vore kritisk til etablering av Produksjonsskulen i Haradanger grunna høge kostnader og lågt elevgrunnlag. Vi gjer difor framlegg om å avvikle dette tiltaket med halvårsverknad i 2020.

3.4 Kultur, idrett og inkludering

På denne sektoren gjer FrP mindre endringar. Vi kan ikkje sjå at Vestland fylkeskommune har økonomiske musklar til å ta del i prosjektet Sentralbadet scenekunsthus, og tek ut løyvinga på 5 mill kr. Vi avviklar også ordninga med distriktsmusikarar, og aukar tilskotet til Fyllingsdalen Teater og fartøyvern.

4. Investeringsbudsjett

FrP syner til den varsla gjennomgangen av investeringsbudsjettet i 1.halvår 2020, og vil komma attende til eventuelle konkrete omprioriteringar då. For å betra økonomien i Vestland fylkeskommune vil det bli naudsynt å vurdere både kostnadsnivå i einskildprosjekt, utsetja prosjekt og ta ut prosjekt.

Vi syner imidlertid til tiltak Fv. 7 Øystese-Ålvik-Granvin som vi forstår er klår til realisering i 2020. Midlane skal nyttast til mindre breiddeutbetringar på strekkja for å letta avvikling av trafikken når E16 Bergen-Voss er stengt, og redusera behovet for kolonnekøyring. FrP flyttar difor denne investeringa til perioden 2020-22.

5. Økonomiplan 2020-23

FrP syner til generell omtale av utfordringane i driftsbudsjettet ovanfor, og vil følgja opp arbeidet med økonomiplanperioden slik skissert av prosjektleiar i tidlegare notat til Fellesnemnda/Finansutvalet.

6. Verbalforslag

Nedanfor følgjer verbalforslag som FrP ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2020 / Økonomiplan 2020-23 i fylkestinget.

6.1 Meir veg for pengane

Frå 01.01.20 vert SAMS-vegadministrasjon avvikla, og fylkeskommunen får fullt ansvar for fylkesvegnettet. Dette gjev høve til å utarbeida ein ny og samla strategi for korleis Vestland fylkeskommune skal opptre som vegeigar. Over tid har ein t.d. diskutert korleis vi kan få meir veg for pengane knytt til t.d. dispensasjonar frå vegnormalane, mindre utbetningsprosjekt for betre framkome, enklare gang/sykkelvegutbygging, samarbeid/spleiselag med kommunane og private osv. I 2020 bør ein difor politisk ta stilling til korleis Vestland fylkeskommune skal forvalte fylkesvegane i åra som kjem.

Framlegg til vedtak;

Fylkestinget ber administrasjonen leggje fram politisk sak med strategiar for korleis Vestland fylkeskommune skal opptre som vegeigar. Målsettinga med arbeidet er auka fleksibilitet og meir fylkesveg for pengane.

6.2 E-sport strategi for Vestland fylke

E-sport er verdas raskast voksende sport, og Vestland fylke har gode føresetnader for å ta ein nasjonal og internasjonal posisjon. E-sport er allereie fag i einskilde vidaregåande skular og fleire frivillige E-sport klubbar er etablerte i regionen. Som regional utviklingsaktør bør fylkeskommunen difor utarbeide ein eigen strategi i for dataspel og E-sport samarbeid med kommunar og frivillig sektor. Ein slik strategi må innehalde klare mål og verkemiddel for korleis ein betre kan leggja til rette for dataspel og e-sport i fylket. I strategien bør det særleg leggast vekt på;

Behovet for ytterlegare satsing på e-sport i vidaregåande opplæring

Korleis fylkeskommunen kan bidra til meir kunnskap og kompetanse om dataspel og e-sport i samfunnet

Korleis fylkeskommunen kan bidra til etablering og drift av lokale treningslokalitetar for spelarar

Korleis fylkeskommunen kan bidra til etablering av lokale og regionale dataspel miljø, konkurransar, turneringar og møteplassar

Korleis fylkeskommunen kan støtte og bidra til større internasjonale e-sport-arrangement i Vestland

Kva verkemiddel fylkeskommunen kan bruke i samarbeid med kommunar, organisasjonar, næringsliv og eldsjeler for å bygge opp lokale lag og spelarar på internasjonalt nivå

Framlegg til vedtak;

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeida ein E-sport strategi for Vestland fylke.

6.3 Pensjon på anbod

I den økonomiske situasjonen Vestland fylkeskommune er i må ein vurderer alle kostnadsreducerande tiltak. I det siste er det igjen etablert fleire aktørar i marknaden for tenestepensjon, og Vestland fylkeskommune bør vurderer nærare om det kan vera gunstig for fylkeskommunen å konkurranseutsetja tenestepensjonsordninga.

Ei evt. konkurranseutsetjing vil ikkje påverka pensjonsvilkåra for den einskilde arbeidstakar, men fylkeskommunen kan få lågare pensjonskostnader og forventer eigenkapitalinnskot i KLP fell bort.

Framlegg til vedtak;

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å vurderer konkurranseutsetting av tenestepensjonen i Vestland fylkeskommune.

6.4 Reklamefinansiert kollektivtransport

Sogn & Fjordane fylkeskommune har pr i dag akseptert reklame i båt- og ferjetenestene. Hordaland fylkeskommune har tidlegare sagt nei til reklame i kollektivsektoren. I den økonomiske situasjonen Vestland fylkeskommune er i må ein vurderer alle inntekspotensiale, - også potensiale for inntekter frå reklame i buss-, båt- og ferjetransporten. Tidlegare utgreiingar i Hordaland har synt at fylkeskommunen kunne henta årlege inntekter på fleire titalsmillionar kroner på eit slikt tiltak.

Framlegg til vedtak;

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei politisk sak om inntekspotensialet knytt til reklame i kollektivsektoren.

6.5 Opne vidaregåande skular

Skulebygga i Vestland fylkeskommunen er i dag lite tilgjengeleg for elevar og frivillig sektor utanom skuletid. At bygg som er i eiget til fylkeskommunen ikkje blir brukt meir av elevane er synd. Det er ønskeleg at alle nye skulebygg i Vestland skal byggast etter open skule prinsippet. Dette går ut på at elevane ved hjelp av skulekort får tilgang til å ta i bruk lokala til skulen utanom skuletid. På denne måten får elevane moglegheit til å nytta skulearealet til å gjera skulearbeid saman. Dette blir i dag praktisert på Amalie Skram vgs. Ein tilsvarande modell med personlege tilgangskort som blir praktisert på Amalie Skram vgs burde overførast til dei andre skulane i vestland fylkeskommune. I tillegg sit vi på verdifulle fasilitetar som frivillig sektor kan nytta på kvelds- og helgetid.

Framlegg til vedtak;

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å leggje fram politisk sak med strategiar for korleis vestland fylkeskommune som skuleeigar kan gjere skulebygga meir tilgjengeleg for elevane og frivillig sektor utanom skuletid.

6.6 Manger folkehøgskule

Manger folkehøgskule er ein viktig bidragsyter til det svært aktive musikkmiljøet i Alver kommune og i heile Vestland. Det er god søknad til skulen. Folkehøgskular er i dag i hovudsak finansiert ved statlege drifts- og investeringsmidlar, men over tid har det vore usikkerhet i høve framtidig driftsmodell og eigarskap til skulen. Dette er ikkje positiv for vidareutvikling av tilbodet.

Framlegg til vedtak;

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei politisk sak om mogeleg utviklingspotensiale for Manger folkehøgskule basert på statlege tilskot og samarbeid med Alver kommune.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Endringsforslag til fleirtalsinnstillinga i finansutvalet 26.11.2019.

Kultur og naturvern

(Verbal 1) Plastopprydding søkbar pott 3,0 MNOK. Hentar 2,0 MNOK frå posten 'Klimaplan'. Plastrydding er i tråd med vårt fylkesvalgprogram. Pengane går da til direkte opprydding saman med kommunane.

(Verbal 2) Styrke Fartøyvern Vestland med 0,3 MNOK. Dele ekstrabevilgning på 1,3 MNOK som koalisjonen foreslår til 'Statsråd Lemkuhl' slik at fartøyvern får tilført 0,3 MNOK av desse. Viktig signal å sende overfor Fartøyvernforeninga og vidare i tråd med fylket si styrking av fartøyvernfeltet.

(Verbal 3) Jakob Sande senteret får 0,4 MNOK i staden for koalisjonen si løyving på 0,2 MNOK. Tek ned 0,2 MNOK fra Olympiatoppen som då får 0,8 MNOK. Jakob Sande er ein sentral kunstnar i Vestland. Eit senter kan dermed snart bli ein realitet i samarbeid med Fjaler kommune.

Samferdsle

Styrking av budsjettet til vedlikehald av fylkesvegane. Til saman ein auke på 35,0 MNOK. Inndekning gjennom følgjande kuttframlegg henta frå fylkesrådmannen sitt arbeidsdokument til finansutvalet 13.11.2019:

Mobilitet og kollektiv				
Innsparingstiltak	Omtale	Effekt	Konsekvensvurdering	Løyvingsnivå
Reduksjon i administrasjonen, kollektiveininga	Reduksjon i stillingar som følgje av effektivisering	-1	Effekten er at ein får ein reduksjon i manuelle arbeidsoppgåver	Administrasjon av mobilitet og kollektiv
Reduksjon tenestekjøp	Kollektiveininga reduserer sine innkjøp av kollektivfagleg bistand og konsulenttenester	-2	Reduksjonen på dette området vert erstatta med meir bruk av eigne ressursar.	Administrasjon av mobilitet og kollektiv
Takstiltak:				
Student	Senke alder på periodebillett student frå 32 til 30 år. Dette er ein harmonisering innad i Vestland,	-1	Ein oppnår ein harmonisering. Færre årskull har rett på 40% rabatt. Denne gruppa må kjøpe billett for vaksen	Buss/bybane

	og standardisering av rabattordningar i høve til nasjonal standard			
Tiltak med verknad på miljø	Reduksjon gjennom å forseinke elektrifisering ferje Hordaland. Overgang biodiesel til MGO Bruke MGO (fossil marin gassolje) som drivstoff istadenfor biodiesel	-13	Klimakonsekvens for 2020 vert ein auke i CO2 utslepp på 6 600 tonn.	Ferje
Erstatte biodiesel med autodiesel	Bruke autodiesel på buss som alternativ til biodiesel	-13	Klimakonsekvens for 2020 vert ein auke i CO2 utslepp på 10 500 tonn.	Buss
Lågare frekvens på linjer i Bergensområdet:				
Reduksjon lågare frekvens kontraktsonråde Bergen sentrum	Redusert frekvens i tilbudet på linje 10, 12 og 40. Effekten er mellom 5 og 6 mill. kr	-5,5	Vil gje lågare frekvens i tilbudet utanom rush og i helg. Dette er periodar av døgnet med minst belegg. Tiltaket vil kunne auke belegget på andre avgangar, og i nokre tilfeller utfordre kapasiteteten	Buss»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

(4) Verbalpunkt:

Bergen : I samband med bompengeforliket og forplikting til å gjennomføre bompengekutt skal desse komme gjennom riving av bomstasjonar i ytre bomring.»

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativt budsjettframlegg:

Taldel

Reduksjon

Post	Tiltak	Sum	Kommentar
1	Reduksjon politisk kapittel	3.000.000	Løn fylkesordførar 8G (ca. 800.000) og tilsvarande reduksjon (35%) i øvrig politikargodtgjersle.
2	Effektivisering administrasjon 1% drift	88.500.000	Totalt driftsbudsjett er 8. 866.636.000. Ved fylkessamanslåing og nye IKT-løysingar, bør administrative oppgåver kunne gjerast enklare og rimelegare.
3	Rehabilitering istadenfor nytt fylkesbygg	38.500.000	Innsparte årlege renter og avdrag = 6,5 % årleg innsparing av 700 mill. (forskjell mellom nybygg 1,1 milliard og rehabilitering inntil 400 mill.)

4	Nullutsleppstiltak ferjedrift	370.000.000	Underskotet skal fullt ut finansierast av staten gjennom full kompensasjon av nullutsleppstiltaka på ferjedrift i Vestland.
5	Sum	500.000.000	

Auke

Post	Tiltak	Sum	Kommentar
1	Styrk tiltak for å aktivisere ungdom politisk i Vestland	3.000.000	Prioritering i Fylkesutval for ungdom
2	Styrke velferdstilbudet i Vestland	88.500.000	
2.1	Styrke vidaregåande skular.	55.000.000	Prioritering i Hovedutval for opplæring og kompetanse
2.2	Styrke tannhelesetenesten, herunder tannhelsebuss i Vestland	15.000.000	Prioritering i Fylkesutvalet
2.3	Styrke kultur- og idrettstilboda, herunder Bokbåten Epos frå 1.1 2020 i heile Vestland	18.500.000	Prioritering i Hovedutval for kultur, idrett og integrering
3	Styrke klima- og miljøsatsinga	38.500.000	
3.1	Klimafond	20.000.000	Prioritering i Hovedutval for næring, naturressursar og innovasjon
3.2	Plastopprydding	10.000.000	Prioritering i Hovedutval for næring, naturressursar og innovasjon
3.3	Kulturminnevern	8.500.000	Prioritering i Hovedutval for kultur, idrett og integrering
4	Styrking samferdsel og kollektivtransport	370.000.000	
4.1	Storsatsing på gang- og sykkelveggar i hele fylket	50.000.000	Prioritering i Hovedutval for samferdsel og mobilitet
4.2	Styrking av kollektivtilbudet, herunder fleire avgangar og rimelegare billetter.	220.000.000	Prioritering i Hovedutval for samferdsel og mobilitet
4.3	Opprustning av fylkesvegnettet, herunder ras- og trafikksikring	100.000.000	Prioritering i Hovedutval for samferdsel og mobilitet
5	SUM	500.000.000	

Verbalforslag

1. Vestland fylkesting går inn for at det blir gjennomført ei eiga evaluering av år 1 (2020) av samanslåinga av Hordaland og Sogn og fjordane fylke, i lys av måla og føresetnadene med regionsreforma og samanslåingsvedtaka. Denne evalueringa skal leggjast fram til politisk handsaming i Vestland fylkesting i 1.kvartal 2021.
2. Vestland fylkesting går imot riving av dagens fylkesbygg og nybygg til 1,1 milliard. Vestland fylkesting går i stadenfor inn for rehabilitering av dagens fylkesbygg, inkludert energieffektivisering og betre arbeidsmiljø innan ei kostnadsramme på 400 mill. Frigjorte midlar blir nytta til auka satsing på klima- og miljøtiltak i Vestland fylke.
3. Vestland fylkesting går imot at fylket si pensjonsordning innan KLP blir satt ut på anbod.
4. Vestland fylkesting krev at regjeringa og Stortinget finansierer full kompensasjon for meirutgifter for nullutsleppsferjer i Vestland fylke . Dette er eit særskilt viktig tiltak for å nå FN sine klimamål regionalt, nasjonalt og internasjonalt. 370 mill. må finansierast og overførast til Vestland fylke seinast i samband med Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett våren 2020.
5. Vestland fylkesting går inn for at godtgjersle for fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde i Vestland fylke skal vere utrekna med grunnlag i 8 G som øvre tak.»

Kurt Johnny Hæggernæs (Pp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Driftsbudsjettet	Beløp i perioden	2020	2021	2022	2023	Anm:
Satsing/ auka kostnad						
Tiltak						
Kultur, idrett og integrering:						
Kulturaktivitetskort for eldre og uføre	7 mill	1 mill	2 mill	2 mill	2 mill	*
Sum auka kostnadar	7 mill	1 mill	2 mill	2 mill	2 mill	
Saldering/auka inntekter						
Tiltak						
Auka skatteanslag	7 mill	1 mill	2 mill	2 mill	2 mill	
Sum auka inntekter	7 mill	1 mill	2 mill	2 mill	2 mill	

*Kulturaktivitetskort for eldre og uføre.

Vestland Fylkeskommune innfører eit Kulturaktivitetskort for eldre og uføre. Aktivitetskortet skal gje denne gruppa moglegheiter til å delta på kultur- og sosiale arrangement i hele fylke.

Aktivitetskortet for eldre og uføre skal også omfattast av ein ledsagerordning.

Det settes av en fast årleg sum i budsjettet på 1 million kroner til formålet i 2020 og vider 2 mill i åra 2021-2023.

Vestland fylkeskommune ved administrasjonen, utarbeidar regler og søknadskriteriar for ein slik ordning.

Bakgrunn for vedtaket er følgende:

I dag finns da fleire eldre og uføre i hele fylke som har svært dårleg helse, inntekt og økonomi. Fleire av desse lever langt under fattigdomsgrensa til EU og dei har difor ikkje økonomiske moglegheiter til å ta del i kultur- og samfunnstilbod som teater, konserter og andre samfunns- og kulturaktivitetar.

Dei blir derfor isolert og einsam og fleire har i tillegg ein helsetilstand som gjer at dei er avhengig av ein ledsager for å komma seg til slike aktivitetar. Difor må ein ledsagerordning inngå i eit slikt aktivitetskort.

Investeringsbudsjettet	Sum i perioden	2020	2021	2022	2023	Anm.
Satsing/ auka kostnad.						
Tiltak						
Utbetring av farlege skulevegar: Hetlevik Barneskule FV 212 (5246) Træet Barneskule FV 522 (5264)	40,1 mill	1,4 mill	17,2 mill	15,4 mill	6,1 mill	*
Sum auka kostnader	40,1 mill	1,4 mill	17,2 mill	15,4 mill	6,1 mill	
Saldering						
Tiltak						
FV 218 Horsøy	40,1 mill	1,4 mill	17,2 mill	15,4 mill	6,1 mill	**

Sum saldering	40,1 mill	1,4 mill	17,2 mill	15,4 mill	6,1 mill	

*Utbetring av farlege skuleveggar.

To av dei farlegaste skulevegane i Vestland fylke ligg på Askøy. Dette gjeld vegen til Hetlevik barneskole og til Træet barneskole. Desse vegane ble bygd tidleg i forrige århundre med ein helt anna trafikk enn dagens trafikkbilete.

Begge skulevegane har vært i media mange gonger og både FAU, elevar og lærarar har uttrykt ein redsle for å ferdes langs desse vegane.

I Askøy pakken ligg vegstrekning FV 212 Slettebrekke – Hetlevik inne med utlysing og oppstart i 2020.

Diverre stopper denne vegutbygginga og planen ved fotballbanen i Hetlevik og det gjenstår då diverre under ein kilometer skuleveg som ikkje blir utbeta. Det vil difor være ein stor samfunnsvinst å få utbeta denne veg-stumpen når man først er i gong med prosjektet. Her kan da være ein stor vinn-vinn situasjon.

Da må og nemnast at da er utarbeid ein ferdig og godkjent reguleringsplan for dette siste strekket. Det har også våre dialog mellom Askøy kommune og Hordaland fylkeskommune i fleire omgangar for å finna løysingar for denne skulevegen, eks. ved forskottering/spleising. Ein slik dialog må nå vidareførast av nye Vestland fylke.

Når da gjeld skulevegen til Træet skole, så er det fult mogeleg å punktutbetre vegstrekninga og få på plass tiltak som sikrar skuleborna ein sikker og trygg skuleveg.

**Saldering

Saldering av tiltaket skjer ved saldering FV 218 Horsøy. Usikkerheitene omkring finansiering og bygging av denne vegen må difor vike. Da er meir samfunnstjeneleg å sikra våre skuleborn ein sikker og trygg skuleveg.

Salderinga får då kun konsekvensar i same kommune og vil ikkje gå på bekostning av andre prosjekter eller områder i Vestland fylke.

Avrøysting

Det var 63 representantar tilstades.

Hæggernæs sitt forslag fekk 1 røyst (Pp) og fall.

Andersen sitt forslag til driftsbudsjett fekk 6 røyster (FNB) og fall

Andersen sitt forslag til verbalpunkt 1 fekk 14 røyster (FNB, Frp, R) og fall.

Andersen sitt forslag til verbalpunkt 2 fekk 12 røyster (FNB, Frp) og fall.

Andersen sitt forslag til verbalpunkt 3 fekk 8 røyster (FNB, R) og fall.

Andersen sitt forslag til verbalpunkt 4 fekk 15 røyster (FNB, Frp, Pp, R)

Framnes sitt forslag til driftsbudsjett fekk 6 røyster (Frp) og fall.

Framnes sitt forslag til verbalpunkt 1 vart samrøystes vedteke.

Framnes sitt forslag til verbalpunkt 2 fekk 61 røyster (A, MDG, KrF, Sp, SV, V, H, Frp, 5 FNB, R) og vart vedteke mot 2 røyster (Pp, 1FNB)

Framnes sitt forslag til verbalpunkt 3 fekk 18 røyster (Frp, H) og fall.

Framnes sitt forslag til verbalpunkt 4 fekk 18 røyster (Frp, H) og fall.

Framnes sitt forslag til verbalpunkt 5 fekk 19 røyster (Frp, H, Pp) og fall.

Framnes sitt forslag til verbalpunkt 6 fekk 11 røyster (Frp, 5 FNB) og fall.

Ekeland Bjørkly sitt forslag til driftsbudsjett fekk 12 røyster (H) og fall.

Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 1 fekk 22 røyster (H, Frp, 4 FNB) og fall.

Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 2 fekk 24 røyster (H, Frp, FNB) og fall.

Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 3 fekk 21 røyster (H, 3 Frp, FNB) og fall.

Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 4 fekk 22 røyster (H, Frp, 4 FNB) og fall.

Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 5 fekk 21 røyster (H, Frp, 3 FNB) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 6 fekk 12 røyster (H) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 7 fekk 12 røyster (H) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 8 fekk 18 røyster (H, Frp) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 9 fekk 18 røyster (H, Frp) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 10 fekk 12 røyster (H) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 11 fekk 12 røyster (H) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 12 fekk 18 røyster (H, Frp) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 13 fekk 18 røyster (H, Frp) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 14 fekk 12 røyster (H) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 15 fekk 13 røyster (H, 1 FNB) og fall.
 Ekeland Bjørkly sitt forslag til verbalpunkt 16 fekk 26 røyster (H, Frp, FNB, R) og fall.

Det var 62 representantar tilstades.

Syversen sitt forslag til driftsbudsjett fekk 2 røyster (R) og fall.
 Syversen sitt forslag verbalpunkt 1 fekk 2 røyster (R) og fall.
 Syversen sitt forslag verbalpunkt 2 fekk 2 røyster (R) og fall.
 Syversen sitt forslag verbalpunkt 3 fekk 10 røyster (R, SV, 5 FNB) og fall.
 Syversen sitt forslag verbalpunkt 4 fekk 8 røyster (R, FNB) og fall.
 Syversen sitt forslag verbalpunkt 5 fekk 7 røyster (R, 5 FNB) og fall.

Innstillinga punkt 2 og 3 vart vedteke med 35 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V).
 Heen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 24 røyster (H, Frp, FNB).
 Heen sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 17 røyster (H, 5FNB).
 Heen sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 23 røyster (H, Frp, 5FNB).
 Heen sitt forslag punkt 6 vart vedteke mot 19 røyster (H, Frp, 1FNB).
 Heen sitt forslag punkt 7 vart vedteke mot 12 røyster (H).
 Heen sitt forslag punkt 8 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 9 vart vedteke mot 18 røyster (H, Frp).
 Heen sitt forslag punkt 10 vart vedteke mot 18 røyster (H, Frp).
 Heen sitt forslag punkt 11 vart vedteke mot 12 røyster (H).
 Heen sitt forslag punkt 12 vart vedteke mot 6 røyster (Frp).
 Heen sitt forslag punkt 13 vart vedteke mot 19 røyster (H, Frp, 1FNB).
 Heen sitt forslag punkt 14 vart vedteke mot 12 røyster (H).
 Heen sitt forslag punkt 15 vart vedteke mot 18 røyster (H, Frp).
 Heen sitt forslag punkt 16 vart vedteke mot 18 røyster (H, Frp).
 Heen sitt forslag punkt 17 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 18 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 19 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 20 vart vedteke mot 12 røyster (H).
 Heen sitt forslag punkt 21 vart vedteke mot 12 røyster (H).
 Heen sitt forslag punkt 22 vart vedteke mot 12 røyster (H).
 Heen sitt forslag punkt 23 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 24 vart vedteke mot 26 røyster (H, Frp, FNB, R).
 Heen sitt forslag punkt 25 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 26 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 27 vart vedteke mot 18 røyster (H, Frp).
 Heen sitt forslag punkt 28 vart vedteke mot 12 røyster (H).
 Heen sitt forslag punkt 29 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 30 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 31 vart vedteke mot 12 røyster (H).
 Heen sitt forslag punkt 32 vart vedteke mot 12 røyster (H).
 Heen sitt forslag punkt 33 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 34 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 35 vart samrøystes vedteke.
 Heen sitt forslag punkt 36 vart vedteke mot 18 røyster (H, Frp).
 Heen sitt forslag punkt 37 vart vedteke mot 12 røyster (Frp, FNB).

Heen sitt forslag punkt 38 vart samrøystes vedteke.
 Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.
 Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteke.
 Innstillinga punkt 5 vart samrøystes vedteke.
 Innstillinga punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Protokollmerknad frå Høgre

Høgre røyster for verbalpunkt 4 og 11 i budsjettframlegget til samarbeidspartia.

Protokollmerknad frå R og FNB

Underteikna gruppeleiarar i Vestland fylkesting er ikkje nøgd med slutthandsaminga og voteringsopplegget i samband med fylkesbudsjett 2020 for Vestland fylke.

Det vart ikkje på førehand avtalt eit omforeint voteringsopplegg mellom gruppeleiarane i alle partia. Fleire parti fekk ikkje sine forslag (inkludert verbalforslaga) opp på storskjerm eller vart ikkje referert med overskrift, mens andre parti fekk det. Og mange representantar hadde eit stort behov for pause før voteringa, utan at dette ynskje vart innfridd.

Vårt forslag er at i god tid før slutthandsaminga av fylkesbudsjettet 2021, inviterer fylkesordføraren til eit møte med alle gruppeleiarane seinhausten 2020. Her blir ein konkret felles plan for ei betre budsjetthandsaming for 2021 avtalt, basert på erfaringane frå budsjetthandsaminga for 2020.

Jeanette Onarheim Syversen (Raudt)

Protokollmerknad frå FNB

FNB røystar i mot Rødt sitt verbalforslag nr. 5 vedrørande maksimal løn på 8G til fylkesordførar.

Vedtak

1. Dokumentet "Budsjett 2020/økonomiplan 2020-23" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2020-23.
2. Driftsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

1A Løyvingsoversikt - drift (§5-4) - 1000kr	2020
Rammetilskot	5 736 900
Inntekts- og formueskatt	4 202 100
Eigedomsskatt	-
Andre generelle driftsinntekter	101 370
Sum generelle driftsinntekter	10 040 370
SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO	- 8 739 473
Avskrivningar	- 1 000 000
Sum netto driftsutgifter	- 9 739 473
Brutto driftsresultat	300 897
Renteinntekter	110 900
Utbytte	-
Gevinst og tap finansielle omløpsmidler	-
Renteutgifter	- 328 800
Avdrag på lån	- 616 000
Netto finansutgifter	- 833 900
Motpost avskrivningar	1 000 000
Netto driftsresultat	466 997

Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Overføring til investering	-	536 997
Netto avsetning til eller bruk av bundne fond		-
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond		70 000
Dekning av tydleger års meirforbruk		-
SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-	466 997
Fremført til inndecking i seinare år (meirforbruk)		-

1B Løyvingsbudsjett pr sektor - 1000 kr	2020
Politisk styring	55 444
Kontrollutval	10 333
Eigedom - drift og vedlikehald	446 831
Administrasjon av organisasjon og økonomi	213 411
Org og øk - tiltaksmidlar	9 000
Politisk styring, kontrollutval og org. og økonomi	735 019
Plan, analyse, klima og folkehelse	43 980
IKT og digitalisering	119 666
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 238
Strategisk utvikling og digitalisering	169 884
Pasientbehandling	234 991
Administrasjon	33 166
Tannhelse	268 157
Arkiv	11 783
Bibliotek	12 619
Kulturformidling	16 636
Kulturarv	100 452
Idrett og friluftsliv	32 742
Inkludering, strategi, analyse	20 320
Kunst og kulturutvikling	109 112
Administrasjon av kultur og idrett	8 101
Kultur, idrett og inkludering	311 765
Veg-, drift og vedlikehald	1 141 695
FTU - midlar	16 376
Administrasjon av infrastruktur og veg	8 624
Andre tiltak - infrastruktur og veg	997
Infrastruktur og veg	1 167 692
Buss	1 032 298
Bane	36 701
Ferje	901 553
Båt	280 380
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	166 494
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	101 728
Mobilitet og kollektiv	2 519 154
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 417
Verdiskaping i byar/regionar	128 078

Naturressursar, landbruk og reiseliv	33 413
Forskning, kompetanse og internasjonalisering	30 712
Grøn vekst, klima og energi	14 448
Utviklingsmidlar	19 685
Innovasjon og næringsutvikling	236 753
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 764 576
Vidaregåande opplæring for vaksne	78 937
Fagskule	21 081
Andre føremål opplæring	52 819
Opplæring i bedrift	519 214
Administrasjon av opplæring & kompetanse	31 583
Opplæring og kompetanse	3 468 210
SUM Netto Drift	8 876 634
KORR. budsjett sentrale utg/innt ikkje med i 1A	137 161
KORR netto drift 1B	8 739 473

3. Investeringsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

Løyvingsoversikt investering (§ 5-5) - 1000kr

	2020
Investeringar i varige driftsmidlar	- 5 946 253
Tilskot til andre sin investering	
Investering i aksjar og andelar	- 7 500
Utlån av eigne midlar	
Avdrag på lån	
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	- 5 953 753
Kompensasjon mva	603 361
Tilskot frå andre	2 534 319
Sal av varige driftsmiddel	50 000
Sal av finansielle anleggsmidlar	-
Utdeling frå selskap	-
Mottatt avdrag på utlån	-
Bruk av lån	1 704 976
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	4 892 656
Vidareutlån	-
Bruk av lån vidareutlån	-
Avdrag på lån vidareutlån	-
Mottate avdrag vidareutlån	-
Netto utgift vidareutlån	-
Overføring frå drift	536 997
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	524 100
Dekning av tidlegare års udekka beløp	
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	1 061 097
Framført til inndeking seinare år	-

2B løyvingsoversikt - investeringar i 1000kr

	2020
Forvaltning / fellesfunksjonar	352 268
Opplæring	762 241
Tannhelse	28 550
Kultur og næring	18 790
Fylkesveggar inkl rassikring	2 362 604
Kollektiv	2 421 800
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 946 253

Investeringar i aksjer og andelar	
Kjøp av aksjer og eigendelar	7 500
SUM investering i aksjer og andelar	7 500

4. Fylkestinget vedtek nye låneopptak på 1 594 mill. kr.
5. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
6. Fylkestinget vedtek økonomiplanen sine rammer for 2021-23. Rammene vert lagt til grunn når ein til våren skal utarbeide økonomiplan for perioden 2021-2024.

Verbalpunkt:

	Utval	Tekst
Generelt		
1	Nytt framlegg	Fylkeskommunen vil legge til rette for rekruttering av menneske med nedsett funksjonsevne og «hol» i CV.
2	Nytt framlegg	Vestland Fylkeskommune skal som hovudregel berre lyse ut heile og faste stillingar.
3	Nytt framlegg	Overnattingar i samband med møte i fylkestinget skal vere på hotell der dei tilsette har tariffavtale.
4	Nytt framlegg	Vestland Fylkeskommune skal stille seriøsitetskrav ved alle offentlege anbod, mellom anna krav om lærlingar, faste tilsette og faglært arbeidskraft.
5	Nytt framlegg	Vestland fylkeskommune skal nytte trevirke så langt det er teknisk mogleg i sine byggeprosjekt.
Kultur, idrett og integrering (KULII)		
6	Frå FU si tilråding	Kystpilegrimsleia: Løyvinga på 600.000 vert fordelt likt på dei regionale pilegrimssentera i Bergen og Selje/Stad, under føresetnad av lokale finansieringsbidrag på minimum same beløp frå dei to kommunane i 2020.
7	Frå FU si tilråding	Bokbåten: Møre og Romsdal fylkeskommune har sagt opp avtalen med Bokbåten. Samarbeidspartia er einig om at ein ønskjer å vidareføre bokbåten for 2020, og ber om ei sak der pris og formalitetar blir klargjort. Løyvinga for Bokbåten ligg til bibliotektenesta, og blir ikkje omdisponert til anna bruk før denne saka er behandla.
8	Nytt framlegg	Vidaregåande skular og idrettsfasilitetar i Vestland fylke bør vere gratis for frivilligheita knytt til born og unge. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om kostnad og reglement for utleige av fylkeskommunale bygg og anlegg.

	Næring, naturressursar og innovasjon (NNI)	
9	Frå FU si tilråding	Kommunale næringsfond: Løyvinga skal gå til dei kommunane i SF som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.
	Opplæring og kommunikasjon	
10	Frå FU si tilråding	Vaksine: Fylkestinget set av midlar til vaksinar til alle elevar i Vestland, med føresetnad om at kommunane dekkjer halve kostnaden.
11	Frå FU si tilråding	Rubbestadneset: Vi konstaterer at utviklinga av pilotprosjektet på Bømlø/Rubbestadneset vert gjennomført som planlagt. Ber om ei sak som viser korleis vidareutvikling av samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet kan gjerast.
12	Frå FU si tilråding	Langhaugen: <i>Spørsmål om rehabilitering og en eventuell utviding av musikktilbodet på Langhaugen vgs skal være en del av den planlagde gjennomgangen av investeringsbudsjettet første halvdel av 2020.</i>
13	Frå FU si tilråding	Skolefrukost: Gjeld heile Vestland, med implementering i Sogn og Fjordane frå nytt skuleår.
14	Frå FU si tilråding	Skulepsykologar: Fylkestinget føreset at psykologane skal vere eit lågterskeltilbod til elevane og gje behandling. Rådmannen kjem attende til fylkestinget med ei sak om korleis tilbodet kan vidareutviklast i tråd med føringane i dette budsjettet og i samarbeid med dei kommunale helsetenestene.
15	Frå FU si tilråding	Elev-pc – egedel vert sett til kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland.
16	Frå FU si tilråding	Prosentvis ramme nedtrekk SFFK vert fjerna. Fylkestinget vi kome attende til harmonisering mellom dei ulike skulane i fylket i budsjett 2021, forutsett at arbeidet med Mål- og Strategiplanen er ferdig og kan leggest til grunn.
17	Frå FU si tilråding	IB-tilbodet i Bergen og ved UWC i Fjaler skal vidareførast som ei permanent ordning.
18	Nytt framlegg	Elevane sitt skulemiljø og trivsel er ein avgjerande faktor for om elevane gjennomfører opplæringa. Ressursar knytt til skulane sitt psykososiale miljø, mellom anna miljøkoordinator og andre førebyggjande tiltak, har vore viktige i arbeidet med elevane sitt skulemiljø. Fylkestinget føreset at ordningane med miljøkoordinatorane på skulane i Sogn og Fjordane og liknande tiltak på skulane i Hordaland vert vidareført. Fylkestinget vil i løpet av perioden be om ei felles løysing for skulane i Vestland, og vil sjå dette i samanheng med andre elevretta tiltak på skulemiljø, tiltak for hybelbuarar og skulepsykologordninga.
19	Nytt framlegg	Nye vidaregåande skular skal følge open skule-prinsippet, slik som t.d. ved Amalie Skram VGS. Elevar skal kunne nytte skulane etter skuletid ved bruk av adgangskort e.l. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide sak om korleis dette kan gjennomførast på alle dei vidaregåande skulane.
20	Nytt framlegg	Skulen skal vere ein stad kor elevane får lære om demokrati og medråderett. Difor bør ungdomsorganisasjonar som politiske ungdomsparti, politiske interesseorganisasjonar, eller andre organisasjonar som utgangspunkt ha rett til å stå på stands og liknande på dei vidaregåande skulane i Vestland. Fylkestinget ber fylkesdirektøren utarbeide felles retningsliner for dei vidaregåande skulane knytt til ungdomsorganisasjonar som ynskjer å besøke skulane.

21	Nytt framlegg	Det skal arbeidast for eit tettare samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunane etter modell frå mellom anna Årdal og Bømlo.
22	Nytt framlegg	Produksjonsskule er eit viktig tilbod for å få ungdomar som av ulike grunnar har slutta i vidaregåande opplæring tilbake i framtidsbyggjande aktivitet. Vestland fylkeskommune har to produksjonsskular. Desse må verte betre kjent slik at dei vert eit reelt alternativ for ungdomar i heile Vestland. Fylkeskommunen skal jobbe opp mot sentrale myndigheiter for å sikre varig statleg medfinansiering.
Samferdsle og mobilitet (SAMMO)		
23	Frå FU si tilråding	Austevoll: ber om ei sak som drøftar korleis prisane på hurtigbåtsambanda i Vestland kan harmoniserast.
24	Frå FU si tilråding – endra tekst i raudt.	Fylkestinget føreset at midlane frå bompengeforliket og den framforhandla byvekstavtalen skal gje ei monaleg reduksjon i prisane på kollektivtrafikken i Bergen, og at vi får ei frekvens på Bybanen på 4 minutt i rush. Vidare føreset fylkestinget at Bybanen får fleire avgangar som er tilpassa dei første og siste flygingane til og frå Flesland, og fleire bussavgangar i Bergensområdet. Fylkesrådmannen vert bedt om å legge fram ei sak når avtalen er klare.
25	Frå FU si tilråding	Jondal-Tørvikbygd. Fylkestinget ber om ei sak som utgreier kostnader m.v. knytt til ekstra avgangar sommarstid. Eventuell finansiering vert å kome attende til i samband med 1. tertialrapport.
26	Frå FU si tilråding	Frå 2019 blei det gjort endringar i familierabatt "Ein vaksen reisande kan ta med seg inntil fire barn frå 6 til og med 17 år gratis på laurdagar, søndagar og offentlege fridagar.» Intensjonen i endringane var at dette også skulle gjelde reisande med student og honnørbillett/periodekort. Vi ber Skyss innføre familiebillet lik dagens, også for student og honnør.
27	Frå FU si tilråding	I budsjettokument 8/19 går det fram at det har vore ei auke i flyreiser og at ein forventar at desse vil auke i åra framover. I 2020 vil flyreise utgjere brorparten av klimagassutsleppa frå eiga verksemd. Fleirtalet vil redusere talet på flyreiser og vil be om at det vert ført oversikt over talet på flyreiser på ein slik måte at ein kan følgje med på om det i 2020 er ein reell nedgang i flyreiser. Ein del av flyreisene vil kunne erstattast med videokonferansar og slik representere ei innsparing på budsjettet.
28	Frå FU si tilråding	Fleirtalspartia vil oppretthalde servicelinja i Bergen, og har lagt inn igjen 1,2 mill til å vidareføre denne i 2020. Fleirtalspartia er likevel samde om at potensialet for servicelinja ikkje fullt ut er nytta og vil at ein i 2020 inviterer Bergen kommune til ein idedugnad/workshop med mål om å komme fram til eit betre tilbod for dei som i dag nyttar servicelinja. Ein kan sjå for seg at servicelinja i Bergen sentrum vert vidareført som eit breiare tilbod retta mot fleire reisande. Det er i dag eit relativt dårleg busstilbod i sentrumskjernen i Bergen, spesielt i område Nordnes og Høyden. Eit forslag er å gjere servicelinja om til ein ringbuss slik at ein kan nå fleire ordinære busspassasjerar og slik få fleire reisande. Ein slik ringbuss kan også sjå til konseptet «travel like the locals», der ein med det ordinære offentlege busstilbodet rettar seg mot turistar. Dagens servicelinje i Bergen sentrum går i dag forbi ei rekke sentrale og attraktive turistmål. «Travel like the locals» har vist seg å vere ein suksess i det nye berekraftige reiselivet, og det å tilby det offentlege busstilbodet til turistar i Bergen kan vere ein vinn-vinn situasjon. Ein opprettheld servicelinja, ein får fleire reisande, fleire inntekter og betre busstilbod i sentrumskjerna. For servicelinja i bydelane i Bergen bør ein sjå til konseptet «Hent meg» som kjem frå Sauda, og som vert prøvd ut i Odda.
29	Frå FU si tilråding	<u>TT-brukarar, arbeidsreiser.</u>

		<p>Forskrift for TT-ordninga for Vestland fylke blir samordna / endra slik at arbeidsreiser ikkje vert utelukka. Jfr. informasjon om TT-ordninga på helsenorge.no og sfj.no sine sider:</p> <p><i>TT-ordninga er i utgangspunktet eit tilbod om fritidsreiser, men kan nyttast til alle typar reiser med unntak av:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>reiser som blir betalt av trygdekontor. Eigendel ved slike reiser skal transportbrukar betale sjølv på lik line med andre som reiser for trygda si rekning</i> • <i>reiser til og frå skule</i> • <i>andre reiser betalt av det offentlege</i> <p>Det vert gjort ein gjennomgang av bruken av TT-kort for arbeidsreiser, der dei som er heilt avhengige av ordninga for å kome på arbeid, får halde fram med å bruke ho.</p> <p>Kostnaden blir dekkja innanfor det statlege tilskotet til ordninga.</p>
30	Frå FU si tilråding	Det skal utgreiast moglegheiter og innsparingspotensiale i å innføre bestillingsruter for ruter med lite belegg.
31	Frå FU si tilråding	Dersom løyvinga til nye stillingar som følgje av oppgåveoverføring frå SVV ikkje vert nytta fullt ut grunna manglande årsverknad skal eventuelle frigjorte midlar disponerast politisk.
32	Nytt framlegg	<p>Tryggleik for at kollektivreisa heng saman med gode korrespondansar, er svært viktig for at ein skal velje å reise kollektivt. Særleg over lengre avstandar. Fylkestinget ber derfor om ein gjennomgang på</p> <ul style="list-style-type: none"> - kvar det er korrespondanse - kvar det med enkle midlar er mogeleg å få til korrespondanse <p>Skyss/Kringom må snarast sikre at alle korrespondansar blir merkte på dei kanalane der dei reisande planlegg reiserute og kjøper billettar.</p>
33	Nytt framlegg	I NTP ligg det inne viktige fiskerihamner i både Bremanger og på Bømlø. For økonomiplanen 2021 og framover vil fylkestinget derfor sette av midlar til investering til fiskerihamner.
34	Nytt framlegg	God tilgang til høghastighets-breiband og 100% mobildekking er påkravd infrastruktur for busetnad og næringsliv. Fylkestinget ber om ei sak med oversikt over kva stader som ikkje har fått god breibands- og mobildekking, og ein plan for korleis vi kan få det til.
35	Nytt framlegg	Fylkestinget syner til vedtak i Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber om å få utgreidd flytting av snøggbåt-stogg frå Krakhella til Hardbakke i Solund. Vidare ber ein om å få vurdert moglegheitene for ny snøggbåtstogg på Fitjar.
36	Nytt framlegg	Ved utvikling av kollektivsatsinga skal det takast høgde for å innlemme bysykkelordninga i reiseprodukt til Vestland fylkeskommune.
37	Nytt framlegg	Fylkestinget ber om ei opptrapping av utskifting av fossile VLFK køyretøy til nullutsleppskøyretøy slik at fylkeskommunen oppnår målet om 5,6% klimagassreduksjon for VLFK køyretøy kvart år i staden for kvart tredje år.
	Tannhelse	
38	Nytt framlegg	Fylkestinget ber om ei sak der tannbehandling for prioriterte grupper med lang reiseveg til næraste offentlege tannklinikk vert vurdert.»

Meir veg for pengane

Frå 01.01.20 vert SAMS-vegadministrasjon avvikla, og fylkeskommunen får fullt ansvar for fylkesvegnettet. Dette gjev høve til å utarbeida ein ny og samla strategi for korleis Vestland fylkeskommune skal opptre som vegeigar. Over tid har ein t.d. diskutert korleis vi kan få meir veg for pengane knytt til t.d. dispensasjonar frå vegnormalane, mindre utbetningsprosjekt for betre framkome, enklare gang/sykkelvegutbygging, samarbeid/spleiselag med kommunane og private osv. I 2020 bør ein difor politisk ta stilling til korleis Vestland fylkeskommune skal forvalte fylkesvegane i åra som kjem.

Framlegg til vedtak;

Fylkestinget ber administrasjonen leggje fram politisk sak med strategiar for korleis Vestland fylkeskommune skal opptre som vegeigar. Målsettinga med arbeidet er auka fleksibilitet og meir fylkesveg for pengane.

E-sport strategi for Vestland fylke

E-sport er verdas raskast voksende sport, og Vestland fylke har gode føresetnader for å ta ein nasjonal og internasjonal posisjon. E-sport er allereie fag i ein skilde vidaregåande skular og fleire frivillige E-sport klubbar er etablerte i regionen. Som regional utviklingsaktør bør fylkeskommunen difor utarbeide ein eigen strategi i for dataspel og E-sport samarbeid med kommunar og frivillig sektor. Ein slik strategi må innehalde klare mål og verkemiddel for korleis ein betre kan leggja til rette for dataspel og e-sport i fylket. I strategien bør det særleg leggast vekt på;

Behovet for ytterlegare satsing på e-sport i vidaregåande opplæring

Korleis fylkeskommunen kan bidra til meir kunnskap og kompetanse om dataspel og e-sport i samfunnet

Korleis fylkeskommunen kan bidra til etablering og drift av lokale treningslokalitetar for spelarar

Korleis fylkeskommunen kan bidra til etablering av lokale og regionale dataspel miljø, konkurransar, turneringar og møteplassar

Korleis fylkeskommunen kan støtte og bidra til større internasjonale e-sport-arrangement i Vestland
Kva verkemiddel fylkeskommunen kan bruke i samarbeid med kommunar, organisasjonar, næringsliv og eldsjeler for å bygge opp lokale lag og spelarar på internasjonalt nivå

Framlegg til vedtak;

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeida ein E-sport strategi for Vestland fylke.

Protokollmerknad frå Høgre

Høgre røyster for verbalpunkt 4 og 11 i budsjettframlegget til samarbeidspartia.

Protokollmerknad frå R og FNB

Underteikna gruppeleiarar i Vestland fylkesting er ikkje nøgd med slutthandsaminga og voteringsopplegget i samband med fylkesbudsjett 2020 for Vestland fylke.

Det vart ikkje på førehand avtalt eit omforeint voteringsopplegg mellom gruppeleiarane i alle partia. Fleire parti fekk ikkje sine forslag (inkludert verbalforslaga) opp på storskjerm eller vart ikkje referert med overskrift, mens andre parti fekk det. Og mange representantar hadde eit stort behov for pause før voteringa, utan at dette ynskje vart innfridd.

Vårt forslag er at i god tid før slutthandsaminga av fylkesbudsjettet 2021, inviterer fylkesordføraren til eit møte med alle gruppeleiarane seinhausten 2020. Her blir ein konkret felles plan for ei betre budsjetthandsaming for 2021 avtalt, basert på erfaringane frå budsjetthandsaminga for 2020.

Jeanette Onarheim Syversen (Raudt)

Protokollmerknad frå FNB

FNB røystar i mot Rødt sitt verbalforslag nr. 5 vedrørande maksimal løn på 8G til fylkesordførar.